



Fjord kommune

Plan og miljø

Statsforvalteren I Trøndelag
Postboks 2600

7734 Steinkjer

Vår ref.
23/7//KRISAN/

Dykkar ref.
2022/11128

Dato:
27.02.2023

Innspel til rullering av forvaltningsplan for rovvilt region 6 Midt-Norge

Viser til oppstart av revidering av forvaltningsplan for rovvilt i rovviltregion 6 Midt-Norge og kjem med følgjande innspel på vegne av Rovviltutvalet i Fjord kommune.

Innspelet tar utgangspunkt i den tredelte målsetjinga i forvaltningsplanen;

- Sikre rovviltartane si overleving gjennom oppfylling av bestandsmål sett av Stortinget
- Sikre næringsdrift gjennom målretta verkemiddel, herunder redusere tap forvoldt av freda rovdyr og sikre aktivt bruk av utmarksbeite for å ivareta den todelte målsettinga.
- Senke konfliktnivået og auke forutsigbarheita.

Som utgangspunkt er det viktig å understreke at beitenæringa og andre som nyttar utmarka i Fjord kommune er inneforstått med at vi skal ha rovdyr i norsk natur og er førebudde på eit visst tap av beitedyr til fredag rovdyr. I vårt tilfelle gjeld det jerv, kongeørn, og i mindre grad, gaupe.

Landbruket som grunnlag for busetnad

Landbruket er ei stor næring i kommunen og står for ein betydeleg del av verdiskapinga både rekna i årsverk og inntekter. Eit aktivt landbruk er grunnlag for busetting i ein kommune der utvikling i folketal lenge har gått feil veg. I tillegg til direkte verdiskaping har landbruket ei særskild viktig rolle i vårt område som produsent av fellesgode for andre næringar. Her står reiselivet i ei særstilling. Fjord kommune ligg midt indrefiletten i det norske fjordlandskapet med internasjonale fyrtårn som Geirangerfjorden og Trollstigen i kvar ende av kommunen. Også offentleg tenesteyting, sal av varer, og tenester, og tilbod drive på dugnad er avhengige av ei sterk landbruksnæring som premissleverandør.

Fleire verneformål med kryssande interesser

Fjord kommune er ein av dei største i landet og mykje av arealet er bandlagt gjennom vern. Dei ulike verneområda har ulike verneformål. **Geiranger – Herdalen landskapsvernområde** har Verdsarvstatus gjennom UNESCO. I dette verneområdet er kulturlandskapet, skapt gjennom m.a. beitebruk, ein viktig del av verneformålet. I **Reinheimen nasjonalpark** er villreinen hovudverneformål. Også her har Noreg eit internasjonalt ansvar for å ivareta ein art med tilhøyrande leveområde. Over år har ein sett at jerven forsyner seg i kalvingstida og påverkar fornying av stammen i vår del av Reinheimen.

Postadr.:
Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside
post@fjord.kommune.no
www.fjord.kommune.no

Telefon
418 67 800

Bankgiro:
3910 65 78234

Organisasjonsnr.
921 891 687

I randsonene til nasjonalparken ligg dei to landskapsvernområda **Trollstigen** og **Tafjord-Reindalen** der tradisjonelt bruk og kulturminne er viktige verneformål. Til sist har vi rovdyprioritert område der det no er lagt til grunn at Møre og Romsdal sine tre ynglingar av jerv skal skje.

Stor grad av bandlegging og kryssande verneformål gjer det utfordrande å manøvrere for grunneigarar og næringsdrivande. Difor er det **uhyre viktig at myndigheitene greier å sjå heilskapen**, ikkje berre konsentrerer seg om sine smale fagområde, dersom vi skal greie å balansere dei ulike målsettingane og ta vare på verdiane.

I vårt innspel legg vi vekt på ein slik heilskapstankegang. Det er, meiner vi, det som må til for å bevare ressursane vi forvaltar for framtidige generasjonar. Det er nettopp ein slik tankegang og levemåte gjennom hundrevis, kanskje tusenvis, av år som har gjort at vi i dag har so mange verneverdiar i Fjord kommune.

Utfordrande for beitenæringa

Dei siste åra har beitebrukarar i Fjord opplevd store, og aukande, tap av beitedyr til jerv. Tapstala varierar frå område til område, og er stort sett konsentrert i nokre viktige beitedalar. Dei besetningane som er mest utsett har i 2022 opplevd lammetap opp mot 60% medan andre besetningar har tilnærma null tap av beitedyr. Aukande tap siste åra er truleg ein konsekvens av at ein har ligge over bestandsmålet for jerv kvart år sidan 2001 med unntak av år 2002. Det tilseier at totalt antal jerv i sona ligg langt over målet bestemt av Stortinget. **Slik vi ser det er dette hovudgrunn til dei aukande utfordringane med påfølgande konflikt.**

Som ein direkte konsekvens er vi kjent med at ein beitebrukar som hadde dyra sine på beite innanfor Verdsarvområdet i nabokommunen Stranda har gitt opp etter denne sesongen pga. store tap. Dette vil føre til ytterlegare auka press i nabobesetningane i vår kommune i tillegg til at verneverdiane; kulturlandskapet, vert forringa. Utan beitedyr vil det ikkje gå mange år før desse verdiane som har vore skapt av tradisjonelt beitebruk gjennom generasjonar vil vere tapt for alltid.

Med bakgrunn i dette vert våre innspel følgjande:

- 1. Hovudmålsetting for forvaltninga må først og fremt vere å halde seg so nær som mulig bestandsmålet!** Det står uttrykkeleg i rovdypforliket at bestandsmålet ikkje er eit minimumstal, men eit tal ein bør søke å ligge nærmast mulig. Tala frå dei siste 20 åra viser at dette ikkje vert fulgt opp i praksis. Det står også at ALLE ynglingar innanfor Møre og Romsdal skal telle med i målsettinga om 3 ynglingar per år. Altså ikkje berre dei som skjer innanfor forvaltningsområdet. Her ligg ei mulegheit for konfliktdemping ved at ein kunne ta ut individ i område med mykje konflikt so framt ein hadde nok ynglingar totalt sett i heile fylket.
- 2. Grensejustering, geografisk differensiering.** Eit av dei konfliktdepande tiltaka ein har til rådvelde er tidleg sanking. Utfordringa med eit slikt tiltak for beitenæringa er begrensa tilgang til innmarksbeite og behov for meir foring av beitedyra. I store delar av kommunen følg grensa for rovdyprioritert område Fv. 63. Innmarka til gardane på austsida av vegen ligg dermed også innanfor rovdyprioritert område. **Vi ber om at grensene til forvaltningsområdet vert fjerna.** Då ville ein kunne la jerven vere over heile fylket og la den yngle der det skaper minst konflikt med andre næringar. Dette ville verke konfliktdepande, skape mindre sårbarheit for jerven iht. at den ikkje er avhengig av berre eit leveområde, og fordele trykket på beitenæringa til eit leveleg nivå for alle. **Alternativt krev vi at grensene for rovdyprioritert sone vert justert** slik at den blir den same som grensa for Reinheimen nasjonalpark. Då vil innmarka ligge utanfor forvaltningsområdet, det vil bli det enklare å ta ut skadegjerarar på innmark, og eventuell tidleg sanking vil kunne få ein effekt. I dag er det ikkje muleg for store delar av beitebrukarane å ta dyra ut av rovdyprioritert område utan å ta dei inn i fjøset!

3. **Lisensjakt** som metode for regulering av bestanden fungerer ikkje. Det syner statistikken for dei siste 20 år. I vår del av landet har det vist seg svært utfordrande å ta ut jerv gjennom lisensjakt grunna vanskeleg terreng med mykje ur som dyra kan gøyme seg i, og terreng som er rasutsett i jaktperioden. Når statistikken syner at lisensjakt som metode ikkje har fungert over tid må andre tiltak setjast inn for å nå målsetjinga. Vi krev at SNO får delta i jakta etter ein viss frist (slik at lisensjegarane får muligheita til å prøve først). **Dersom jegarane ikkje lukkast innan fristen skal SNO setjast inn og ta ut dyra som er «til overs».** Dette er i tråd med rovviltforliket sitt punkt 2.2.19 som er understreka i gjeldande forvaltningsplan. Hjelp frå SNO i den ordinære jaktperioden vil også redusere behov for hi-uttak noko som lite ønskjeleg sett frå alle partar sin ståstad.
4. **Skadebasert uttak innanfor rovviltprioritert område.** I Fjord kommune ligg store delar av utmarka i rovdyprioritert område. Det er eit stort paradoks at dette også gjeld ein stor del av innmarka. Trass dette har det vore muleg å for beitenæringa å nytte beita utan for store tap fram til for få år sidan. Den negative utviklinga i det siste meiner vi er eit resultat av at ein har ligge langt over bestandsmålet for jerv i mange år på rad og dermed fått mange fleire dyr enn det vedtekne målet skulle tilseie. I nabokommunen Rauma har situasjonen vore ille i lengre tid. Vi ser at problema dei har «smittar» over til vår kommune når det blir stadig fleire jerv og, som konsekvens, færre dyr på beite i tilgrensande område. **Vi ønsker skadebasert uttak innanfor rovdyprioritert område når situasjonen tilseier det** jf. forvaltninga si målsetning om å: *Sikre næringsdrift gjennom målretta verkemiddel, herunder redusere tap forvoldt av freda rovdyp og sikre aktivt bruk av utmarksbeite.* Dette bør utførast av SNO jf. punkt 2 ovanfor.
5. **Soneforvaltning.** Dersom vi ikkje skulle vinne fram med vårt ønske om fjerning av grensene for rovdyprioritert område i Møre og Romsdal ville neste steg vere ei **overflytting av vår kommune frå region 6 til region 3 Oppland.** Her deler vi grense med eit anna rovdyprioritert område og ligg ikkje som ei einsam øy som vi gjer i Møre og Romsdal. Ein kunne sjå ynglingane i området i ein større samanheng og ta omsyn kva dyra faktisk oppheld seg sidan dei ikkje tar omsyn til fylkesgrensene. Dette ville også vere meir i tråd med Direktoratet sitt ønske om ei **betre arrondering** av den sør-norske jervebestanden. Første steg på vegen i denne retninga ville vere å samordne rullering av forvaltningsplanane for alle regionane i landet for å oppnå betre samarbeid og koordinering. Som dei tidlegare tiltaka er målet med våre innspel heile tida ein meir **heilskapleg tankegang** i forvaltninga av naturressursar.

Vi vonar våre innspel vert høyrte og tatt omsyn til då landbruket og bygdene i kommunen vår er inne i ei lagnadstid. Utviklinga dei komande åra vil ha store konsekvensar for framtida. Landbruket er under press frå mange sider og utfordringane er mange. Dersom det ein vel å «ofre» beitenæringa i vårt område for å unngå press andre stader vil det vere eit klart brot på den todelte målsettinga i forvaltningsplanen om auka matproduksjon basert på utmarksbeite. I tillegg vil det ha store negative konsekvensar for dei andre verneformåla som Miljøverndirektoratet også er ansvarleg for! I tillegg til vil det kunne betyr mykje for reiselivet og, ikkje minst, busetting i bygdene våre.

Med helsing

Kristin Gilje Sandnes
Saksbehandlar landbruk

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre Og Romsdal Postboks 2520

6404

Molde

